



FITJAR

Reglement for politikarar i

Fitjar kommune

REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE I FITJAR KOMMUNE

1. Godtgjersle til ordfører

Ordførargodtgjersla vert fastsett til 90 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle, og regulert i samsvar med stortinget si regulering 1.10. kvart år. Regulering av ordførargodtgjersla skjer med verknad frå 1. januar året etter.

Dersom ordfører er på deltid skal deltidsbrøken fastsett av kommunestyret. Ordføraren skal ikkje ha andre faste godtgjersler eller møtegodtgjersler som er nemnde i dette reglementet.

Ordfører som sluttar i ombodet får 1/12 av årsgodtgjersla dersom han/ho går inn i løna arbeid etter sluttdato, og $\frac{1}{4}$ av årsgodtgjersla dersom han/ho ikkje har løna arbeid å gå til.

Sluttdato vert rekna frå 31. oktober siste funksjonsåret.

Styrehonorar som ordfører har i kraft av si stilling, og der styrearbeidet for det meste vert utført i arbeidstida, kan føra til forkorting av ordførargodtgjersla. Spørsmålet om event. avkorting skal leggast fram for kommunestyret dersom summen av honorara overstig kr. 50.000,- pr. år.

Ordføraren skal trekkjast i godtgjersle for å møta i styre, råd og utval der legitimert tapt arbeidsforteneste vert refundert.

Ordføraren skal vera med i kommunen si gruppelivs- og ulukkesforsikring, og meldast inn i pensjonsordning for folkevalde.

2. Godtgjersle til varaordfører

Varaordfører si godtgjersle vert sett til 8 % av ordfører si godtgjersle.

3. Formannskapet:

Formannskapet si godtgjersle vert sett til 5 % av ordføraren si godtgjersle. Fråvær frå meir enn 1/3 av møta fører til reduksjon i godtgjersla på 25 %. Varamedlem til formannskapet som møter på meir enn 1/3 av møta, får ei godtgjersle på 25 % av formannskapet si godtgjersle, dersom ikkje ordinær møtegodtgjersle utgjør ein høgare sum.

4. Utvalsleiarar/utvalsmedlemer:

4.1 Utvalsleiarar gruppe I:

Leiar i Utval for plan og miljø og i Utval for oppvekst og omsorg får ei godtgjersle på 6 % av ordførargodtgjersla.

4.2 Utvalsleiarar gruppe II:

Leiar i kontrollutvalet får ei godtgjersle på 4 % av ordføraren si godtgjersle.

4.3 Utvalsleiarar gruppe III:

Leiar i Eldrerådet, Råd for funksjonshemma, Overformynderiet og event. andre leiarar med tilsvarende arbeidsmengd får ei godtgjersle på 1 % av ordføraren si godtgjersle. Denne kjem som tillegg til møtegodtgjersla.

Dersom leiaren i Fitjar Overformynderi også er forretningsførande overformyndar, skal den samla årlege godtgjersla tilsvare 3,5 % av ordførargodtgjersla. (I tillegg kjem møtegodtgjersle og utgiftsdekking som før, jfr. vedteke reglement).

4.4 I verva som er nemnde under punkta 2, 3 og 4 gruppe I og II, vert det ikkje gjeve særskilt godtgjersle for møte som er naturleg knytt til verva. Det vert likevel gjeve vanleg møtegodtgjersle for kommunestyremøte, jfr. punkt 4.6.

4.5 Medlemer i Utval for plan og miljø og i Utval for oppvekst og omsorg, får ei godtgjersle på 2,5 % av ordføraren si godtgjersle. Fråvær frå meir enn 1/3 av møta fører til ein reduksjon i godtgjersla på 25 %.
(Fråvær frå meir enn 1/2 av møta, fører til at den faste møtegodtgjersla fell bort, og vert erstatta av godtgjersle for enkeltmøte i samsvar med punkt 4.6).

4.6 Medlemer i kommunestyre får ei godtgjersle på 1,5 ‰ av ordførar si godtgjersle pr. møte i kommunestyre. Medlemer i andre kommunale utval får ei godtgjersle på 1 ‰ av ordføraren si godtgjersle pr. møte.

4.7 Det vert ikkje gjeve særskilt godtgjersle for medlemer i valstyret så lenge dette er personidentisk med formannskapet. Det vert ikkje gjeve godtgjersle for deltaking i røystestyre. Leiar i røystestyre, (eller den som møter i staden for han/ho) får likevel godtgjersle etter punkt 4.6 for å møta på orienteringsmøte for røystestyreleiarar.

5. Vederlag for tapt arbeidsforteneste

5.1 Retttil dekking av tapt arbeidsinntekt:

Dersom kommunale verv medfører direkte tap i inntekter, eller utgifter til vikar, barnepass og liknande, skal slike tap dekkast av kommunen.

5.2 Legitimerte tap:

Legitimerte tap i arbeidsinntekt vert dekkja fullt ut mot stadfesting frå arbeidsgjevar eller rekneskapsfører.

5.3 Ulegitimert tap:

Ulegitimert tap i arbeidsinntekt og utgifter til vikar, barnepass o.. vert dekkja mot eigenfråsegn, likevel ikkje utover kr. 1.000,- pr. dag.

6. Reiseutgifter i samband med tillitsverv.

For reiser i samband med tillitsverv, vert skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle utbetalt etter rekning (standard skjema), etter satsane i det kommunale reiseregulativet.

7. Telefongodtgjersle

Fitjar kommune dekkar telefonutgifter slik:

7.1 Ordfører:

Kommunen held mobiltelefon. Ordfører som har fasttelefon får i tillegg ei godtgjersle på kr. 2.000,- pr. år. Det vert ikkje gjeve telefongodtgjersle utover dette for politiske verv i tillegg til ordførarvervet.

7.2 Kommunestyremedlem:

Kommunestyremedlemer får godtgjersle på kr. 400,- pr. år.

7.3 Leiarar i Utval for plan- og miljø og Utval for oppvekst og omsorg, varaordførar og gruppeleiarane:

Desse får ei godtgjersle på kr. 400,- pr. år i tillegg til godtgjersla som kommunestyremedlem.

Telefongodtgjersla vert utbetalt etterskotsvis samstundes med møtegodtgjersla.

Generelt

Møtegodtgjersla gjeld alle utval, faste og mellombels, oppnemnde/valde av kommunestyret, formannskapet Utval for plan- og miljø og Utval for oppvekst og omsorg.

Tilsette i kommunen, som p.g.a. si stilling er medlem i utval/nemnder, får ikkje møtegodtgjersle.

Ordførargodtgjersla vert utbetalt månadsvis. Godtgjersler elles vert utbetalt i desember. Det kan betalast ut akontogodtgjersle etter punkt 2, 3, 4.1 og 4.2 i juni månad. Ordførargodtgjersle pr. 1. januar vert lagt til grunn for berekning av dei andre godtgjerslene i utbetalingsåret.

Godtgjersla vil som hovudregel gjelda perioden 1.12. -30.11. Godtgjersle for nytt kommunestyre vert likevel utbetalt første gong i desember året etter valåret.

8. Tolkingsspørsmål

Krav som fell vanskelege å etterkoma *og/eller treng prinsipiell avklaringar*, skal leggjast fram for formannskapet.

9. Evaluering

Godtgjerslereglementet skal evaluerast kvart 4. år, før ny kommunestyreperiode tek til.

Vedteke i Fitjar kommunestyre 27.06.2007 sak nr. 29/07.